



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

RAPPORT GÅVEINSTITUTTET
2015



Utlysing og tal søknadar:

Indre Sogn Sparebank Gåveinstituttet tildelte kr. 471 200,- til ulike lag og organisasjonar i 2015, i Årdal, Lærdal og Sogndal.

Det vart gjennomført ordinær søknadsrunde med tildelingar i april og oktober.

Det kom inn 59 søknader på totalt kr. 5 264 200,-.

Det vart delt ut kr. 220 700,- første halvår og kr. 250 500,- i andre halvår.

Prioriterte føremål:

Tildelinga i 2015 hadde ingen prioriterte føremål.

Ikkje tildelt:

Tildelinga til Seimsåsen aktivitetssenter våren 2015 på kr. 10 000,-, vart ikkje utbetalt då dei fekk TV, som det var søkt om pengar til, i gåve av Seimsdalen Kraft.

Korleis søkje:

Søknadsskjema ligg til ein kvar tid i ekspedisjonslokala på avdelingane, og det er lagt ut på heimesidene og på skjermene på alle avdelingar til banken.

Det vert annonsert i lokalpressa Sogn Avis, nettavisa Porten.no, og sosiale media Facebook.

Prosjekt som fekk midlar:

Tildeling våren 2015

Årdal Bridgeklubb	kr. 20 000,-
Stiftinga Nasjonalpark Festival	kr. 25 000,-
Årdal Mosjonskule	kr. 10 000,-
Tangen Køyre –og Rideklubb	kr. 20 000,-
Årdal Skateklubb	kr. 12 000,-
Seimsåsen aktivitetssenter	kr. 10 000,-
Vikadalen Ungdomslag	kr. 20 000,-
Lærdal Musikklag	kr. 43 000,-
Anna og Berit E Frøysland	kr. 15 700,-
Eikthyrnir Bogeskyttarlag	kr. 20 000,-
Farnes skule/Årdal Turlag	kr. 25 000,-
Totalt	kr. 220 700,-

Tildeling hausten 2015

Sogn Fridykkarklubb	kr. 40 000,-
Norske Redningshunder	kr. 35 000,-
Ofredalens venner	kr. 100 000,-
Barnas Turlag Lærdal	kr. 10 000,-
Årdal Hundeklubb	kr. 39 000,-
Kabaret Makaber	kr. 15 000,-
Barneidrett Lærdalsøyri/Ljøsne	kr. 11 500,-
Totalt	kr. 250 500,-

Beskrivelse av prosjekta som vart tildelt midlar:

Årdal Bridgeklubb

Oppgradering av utstyr til elektroniske teknologi for å sikre rekruttering og for å kunne arrangere turneringar samt kursing.

Stiftinga Nasjonalpark Festival under Storen

Gjennomføring av Nasjonalparkfestivalen «Under Storen» 2015, med mellom anna miniseminar, kajakk kurs, balansestunt ved Vettisfossen og konsert.

Årdal Mosjonskule

Utmerking under 25 års jubileet til 5 utøvarar som har vore med i alle 25 åra, samt utdeling av 10 års og 5 års premiering.

Tangen Køyre og Rideklubb

Lysanlegg, inventar og sikkerheitsutstyr til Ridehallen. Klubben skal arrangere distrikts- og landsstemne juni 2015.

Årdal Skateklubb

Ferdigstilling av skatepark, fullfinansiering til innkjøp av rampe.

Seimsåsen aktivitetssenter

Investere i flatskjerm med HDMI, slik at hytta kan vere betre eigna til både kurs og møter.

Vikadalen Ungdomslag

Sette opp gjerde rundt tomta, der det er fotballbane, av sikkerheitsmessige omsyn.

Vidare ynskjer dei å skape ein samlingsplass i eit tilhøyrande område der det er planlagt sittebenker og felles grill.

Beskrivelse/Status av prosjekta som vart tildelt midlar:

Lærdal Musikklag

Lærdal musikklag 90 år – markering av jubileet med ulike aktivitetar mellom anna: jubileumskonserter, turne -> bygdekveidar, utflykt til Frønningen med konsert.

Anna og Berit Einemo Frøysland

Arrangere danseworkshop for born og unge i moderne dans. Arrangementet skal vere i Lærdal. Målet er å gi danseglede og auke det kulturelle tilbode for unge.

Eikthyrnir Bogeskyttarlag

Etablering av 3D bane på Mjøen og blink bane ved campingplassen i Utladalen.

Farnes skule i samarbeid med Årdal Turlag

Sette opp gapahuk på Ytre Moa.

Sogn Fridykkarklubb

Investering i barne og ungdomsutstyr slik at dei kan tilby kurs og auka aktivitetstilbodet til denne gruppa.

Norske Redningshundar

Utdanne og oppdatere instruktørar og hundar med ny kunnskap. Store endringar og utvikling dei siste åra der ein må vere oppdatert for å ha eit tilfredstillande beredskap.

Ofredalens venner

Oppgradering og restaurering av anlegget nede ved sjøen i Indre Ofredal. Boring etter vatn og oppattbygging av kai framfor hovudhuset.

Barnas Turlag Lærdal

Innkjøp av kanoar og redningsverstar til bruk i nye aktivitetar «bli trygg på sjøen/fjorden».

Årdal Hundeklubb

Utvide tilbudet med ei eigen barne- og ungdomsgruppe. Tilrettelegge eige opplegg for vanskelegstilte born og unge.

Kabaret Makaber musikkprosjekt

Ferdigstilling av innspeling av plate. Kabaret Makaber er eit jazzensemble som spelar noirforteljingar frå bygda på sognedialekt.

Barneidrett Lærdalsøyri/Ljøsne

Utviding av utstyrspakke til hall og symjetilbodet. Innkjøp av symjeføter og rullematter.



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen